

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.12.2022

Vår ref.: 202212014-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om etablering av dam og uttak av vatn frå Langedalselva, Stranda kommune i Møre og Romsdal

NVE har motteke ein søknad frå Strandafjellet Skisenter AS, datert 31.05.2022, om løyve til å demme opp Langedalselva for regulering og uttak av vatn til snøproduksjon. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i avisa Nyss. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Stian Græsdal på tlf. 46749492 eller e-post: stian@strandafjellet.no.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202212014 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

innan **01.02.2023**.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

Skildring av tiltaket

Strandafjellet skisenter i Stranda kommune søker konsesjon for bygging av ein ny dam i Langedalselva for lagring og uttak av vatn til snøproduksjon ved skisenteret. Dammen er planlagt i eit myrområde i Langedalen ca. 745 moh.

Langedalselva har alminneleg lågvassføring på 1,7 l/s, og ein 5-persentil sommar og vinter på høvesvis 4,4 l/s og 1,5 l/s. Middelvassføringa i eit tørt år er på 48 l/s, og i eit normalår på

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



77,8 l/s. Dammen vil fyllast ved naturleg tilsig frå Langedalselva, i tillegg er det aktuelt å pumpe vatn til dammen frå Fursetelva innanfor det volumet som er avtalt med Stranda Energi. Uttak av vatn frå dammen vil skje i perioden 1. november til 31. mars, og totalt er det planlagt eit vassuttak på ca. 30 000 m³, tilsvarande ca. 1,2 % av det årlege tilsiget til Langedalselva. Det er planlagt minstevassføring frå dammen på 1,5 l/s.

Dammen er planlagt som ein 7,3 m høg og 70 m lang betongdam. Det må i tillegg byggast eit pumpehus og eit lukehus ved dammen, og ein 114 m lang permanent tilkomstveg frå eksisterande veg i skisenteret. Dammen vil få HRV på kote 747 og LRV på kote 740. Overflatearealet er på ca. 7450 m². For å etablere dammen må det gravast ut myrmassar som vil bli deponert i forkant av dam.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Vedlegg: Orientering til høyringspartane
Kunngjeringsstekst

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
Stranda kommune
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Norges Miljøvernforbund
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Ålesund-Sunnmøre Turistforening
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal

Kopimottakarliste:

STRANDAFJELLET SKISENTER AS